



ÅRSMELDING FOR ETNE FRIVILLIGSENTRAL

Stifta av Etne kommune, Etne Røde Kors, og Skånevik Sokneråd.

Styret i 2017:

Asbjørn Opedal (leiar)
Dagfinn Ytrenes
Hilde Høyland
Christian Bull Tornøe

Etne Røde Kors
Skånevik sokneråd
Etne kommune
Frivillig

Vararepresentantar:

Kitty S Øyjord
Brynjulv Hus
Berit Håland
Gerd Tungesvik

Etne kommune
Skånevik sokneråd
Etne Røde Kors
Frivillig

Dagleg leiar

Jimmy Næs

Løn og Rekneskap

Tveit Regnskap

Revisjon

Torvaldsen og Stave

Idè

Frivilligsentralen har som mål å stimulera til auka frivillig aktivitet, og ta vare på og utvikla det organiserte og uorganiserte frivillige arbeidet i Etne kommune.

Frivilligsentralen yter ikkje tenester i konkurranse med yrkesutøvarar. Sentralen er heller ikkje ei erstatning for offentlege tenestetilbod, men eit supplement til etablerte hjelpetenester.

Drift

Styret hadde i 2017 åtte styremøte, og behandla 36 saker.

Dagleg leiar deltok på nettverkssamlingar som nettverksleiar, fylkes- og organisasjonssamlingar, og konferansar. Har også delteke på møte med Kulturinnatt, SLT og arbeidsgruppe for alvorleg sjuke.

Frivilligsentralen har omlag 130 frivillige, lojale og flinke personar. I hovudsak er dette seniorar, men også mange foreldre har kome til i løpet av året. Nyrekruttering og fornying er alltid ei utfordring. Sentralen har eit godt samarbeid med Etne Røde Kors, Kyrkja i Etne og kommunal tenesteyting, i tillegg til nokre andre lag. Vi arbeider stadig med å utvida samarbeidet, og etablerte i 2017 samarbeid med m.a. Etne Idrettslag, Granelaget HLF og ungdomsklubben.

Prosjekt om etablering av ungdomsklubben var eit stort og viktig prosjekt.

Økonomi

Frivilligsentralen har kontroll på økonomien, og er svært glad for tilskotet frå Etne kommune, som gir oss eit trygt fundament. Tilskot til drifta blir dekkja Etne kommune, etter at overføringar frå staten blei lagt om i 2017.

Vi har egne retningslinjer for korleis sponsormidlar skal nyttast, og hadde stabile, gode sponsorar for aktivitetar i 2017, i alt 14 sponsorar. Dette er flott! Vi har også motteke midlar frå Gjensidigestiftinga - til ungdomsklubb i Etne. Den kulturelle spaserstokken har ytt tilskot til aktivitetar.

Aktivitetar

Frivilligsentralen leiger lokaler ved Etne Bustadskiping. Her har vi faste aktivitetar, i tillegg til at vi har framleige til Etne kommune, og leiger ut til einskild-arrangement. Vi har også faste aktivitetar ved Etne og Skånevik omsorgsenter, og på Skånevik fjordhotell. Vi har fast kontorstad i Etne, og faste kontordagar i Skånevik. Vi har dei siste 2 åra arbeidd systematisk med å utvikle samarbeidet med andre frivillige lag i kommunen, og med andre aktuelle aktørar.

Ettermiddagskaffi

Dette er ein vel etablert aktivitet på "Ståvo", kvar måndag ettermiddag, med kaffi og drøs, og små kulturelle innslag. Tilsvarande arrangement har vi i Skånevik, etter oppsett plan.

Middag på "Ståvo", og på Skånevik Fjordhotell

Fellesmiddag i Etne kvar tysdag, med frivillig vertskap. Eit fint sosial fellesskap, med god deltaking. Nytt av året, er felles middagsstund i Skånevik. Tiltaket er under etablering, men det ser bra ut.

Sitjedans

Sitjedansen har vi kvar tysdag, med god hjelp av Seniordans i Etne. Denne seniortrimmen har utvikla seg svært godt, og vi er glad for samarbeidet.

Leksehjelp

Leksehjelpa hadde vi første halvår. Tiltaket har pause, dels grunna lite oppslutning, men mest grunna problem med å finna frivillige til dette tiltaket.

Allsong/gladsong

Ein gong kvar månad er det allsong-kveld - i Etne og i Skånevik - på omsorgsenteret. Frivillige songarar og spelemenn lagar trivsel for brukarar og gjester.

Følgehjelp

Personar som treng nokon til følgja dei til lege, frisør, kino, eller andre stader, vender seg til frivilligsentralen. Dette er ein viktig del av ein trygg kvardag, særleg for eldre menneske. Vi har trufaste hjelparar i både Skånevik og Etne.

Besøksvenn/turvenn

Besøksvenner og turvenner er etterspurt. Vi har nokre trufaste frivillige som er aktive. Mange som er åleine, treng nokon å ha lag med. Vi er glade for at fleire besøksvenner har meldt seg, og har hatt eit fint samarbeid med Røde Kors og Skånevik Sokneråd.

Rusleturen

Rusleturen er blitt eit fast innslag i bygdebiletet i Etne, der frivillige tek med seg eldre - for det meste rullestol-brukarar - på tur. Dette er eit populært tiltak. I

sesongåpninga arrangerer vi denne store rusledagen, i samarbeid med Røde Kors, Lions, og Enge Skule.

Elektrisk Rickshaw-sykkel

I 2016 fekk vi hjelp av Gjensidige-stiftinga. Taxi-sykkelen har vore brukt til å kjøre tur med dei som treng skyss. Førebels er det litt få frivillige her, men vi håpar å rette på det.

Aktivitetsdagar

Vi arbeider heile tida for å gi etablerte flyktningar hjelp til å bli ein del av Etne-samfunnet. I 2017 hadde vi ein ein periode med spel- og samtaledagar for flyktningar.

Frivilligdagen

2017 var 5. gong vi markerte frivilligdagen, der dei frivillige blei inviterte til fest, og sett pris på; med mat, drøs og underhaldning. Ordføraren var tilstades på markeringa, også i år. Eit vellukka tiltak, som også dette året blei arrangert på Røde Kors-huset, og med god hjelp av Røde Kors.

Torsdagstrim

Torsdagstrim for seniorar starta opp på hausten 2016. Dette er ei sjølvstyrt gruppe, som har trim etter rettleiing av fysioterapeut. Aktiviteten er på ståvo.

Turar

Vi arrangerte tur til "Frukost på fjorden" på forsommaren, i samarbeid med Etne Event. I august arrangerte vi tur til Bekkjarvik, og Hotellhagen, med økonomisk støtte frå den kulturelle spasèrstokken. I tillegg hadde vi vår årlege julemiddag i desember, på Åkrafjordtunet.

Kara-prat

Kara-praten i Skånevik - på Omsorgsenteret - er blitt eit triveleg tiltak, ein møteplass for menn, med ønskje om å koma samene. Kara-praten er eit høgdepunkt for karane.

Bingo for seniorar

I 2017 starta vi bingo på Etne omsorgsenter, eit populært tiltak. Vi prøvde også i Skånevik. Utdringar knytta til få bebuarar, gjer at vi er usikre på dette.

Seniordata

Vi har hatt kursdagar for seniorar i Skånevik, med økonomisk støtte frå den kulturelle spasèrstokken. Der gir vi hjelp og støtte til bruk av pc og ipad. Viktig for å setja dei eldste i stand til å takle nye utfordringar

Samarbeid med andre

Sentralen har lenge samarbeidd med Etne Røde Kors, Kyrkja i Etne, Eldrerådet, og kommunal tenesteyting. Det er eit mål å utvikla slikt samarbeid vidare. I tillegg til flott samarbeid med Seniordans, og Skånevik Lions, har vi no godt samarbeid med Etne Idrettslag og den nystarta ungdomsklubben, med tilbod til ungdom.

Etne Røde Kors

Røde kors er ein god samarbeidspartner. Dei har faste kaffistunder på Ståvo, i tillegg til at dei bidrar på Frivilligdagen og den store rusledagen. Røde Kors er medstiftar i sentralen.

Etne Kommune

Etne kommune er ein viktig samarbeidspartner. I tillegg til at Etne kommune er ein viktig økonomisk bidragsytar, samarbeider vi med skulen, flyktningtenesta, biblioteket,

SLT, helsetenesta, omsorgssentera og avdeling for psykisk helse. Kommunen er medstiftar i sentralen.

Psykisk helse og rus-teneste

Frivilligsentralen har framleige av lokaler til dagsenteret. I tillegg er det frivillige med på dagsamlingane deira, samt at ein frivillig er fast sjåfør for utfluktene deira. Vi har eigne samarbeidsmøte. Vi hadde eit fint samarbeid om sommarfesten 2017, med økonomisk støtte frå den kulturelle spasèrstokken.

Omsorg

Etne og Skånevik omsorgsenter tek kontakt når det oppstår trong for følgehjelparar og besøksvenner. Dette er eit viktig samspel, ettersom kommunen sine brukarar ofte er mottakarar av tilleggsytingar levert av frivillige. Vi deltar også i arbeidsgruppe for alvorleg sjuke.

Matombering

Frivilligsentralen sytte for matombering i Etne, med 3 dagar i veka. Målet er å avlasta omsorgsavdelinga, og såleis oppnå meir omsorg, og på sikt tilby våre sosiale møteplassar til fleire. Grunna få brukarar, er dette tilbodet ikkje aktiv for tida.

Hjelp til flyktningar

Etne kommune tek imot flyktningar. Desse har brukt frivilligsentralen sine lokale, mellom anna til matlaging. Vi har tett kontakt, og prøver å bidra med aktivitetar.

Helse

Vi har jevnleg kontakt med tilsette i eininga Helse, og drøftar mogleg tiltak for personar med nedsett funksjonsevne.

Friluft

Frivilligsentralen deltar i ei arbeidsgruppe, for å få på plass turkart for Etne. Vi arbeider med å få i gang fleire friluftstilbod.

SLT

SLT er blitt ein god samarbeidspartner, mellom anna i utvikling av ungdomstilbod. Vi har faste møter.

Etne husflidlag

Husflidlaget brukar frivilligsentralen sine lokaler vederlagsfritt, og har fast strikkekafè, eit populært tiltak for mange. Aktiviteten har f.t. pause.

Kyrkja i Etne

Diakonitenesta brukar frivilligsentralen sine lokaler vederlagsfritt, og har fast andakt omlag kvar 14. dag.

Kulturnatt

Frivilligsentralen er samarbeidspartner for kulturnatt Etne. Arrangementet er i februar månad, og mobiliserer frivillige kulturkrefter i bygda, med aktivitetar i ymse arenaer, spreidd rundt i Etnebygda. Årets kulturnatt vart ein knallsuksess, med god omtale.

Fotoklubben

Fotoklubben arrangerer klubbkveldar i våre lokaler. Vi håpar å kunne utvikle dette til å omfatte tilbod av ymse slag.

Hjelp med høyreapparat

I 2017 starta vi opp eit samarbeid med Grannelaget HLF, for å hjelpe med råd og vink for brukarar av høyreapparat. Tilbodet er godt etterspurt.

Åpen Hall og ungdomsklubb

I 2017 etablerte vi samarbeid med Etne Idrettslag, om å få igang Åpen Hall igjen. Samstundes starta vi prosjektet om ungdomsklubb i Etne annakvar veke. Prosjektet blei vellukka, og klubben har no eige styre, med frivilligsentralen som støttespelar.

Etne, 23.02.18

Jimmy Næs